

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 19.01.2012  
Sakhandsamar: **Ole Christian Reusch**  
Saka gjeld: **Plan for oppstart av ruspost på Eid med driftsbudsjett**

**Arkivsak**

2011/1982/

**Styresak 006/2012 A**

**Styremøte 27.01.2012**

---

## Forslag til vedtak

1. Styret vedtek budsjett for ruspost ved Nordfjord sjukehus 2012.

## Oppsummering

Det har lenge vore eit ønskje å få starta drifta av rusposten på Eid, men det har til no ikkje vore budsjettdekning for igangsetting. I samband med Utviklingsprosjektet for Nordfjord, der det er løyvd 75 mill. kroner over 3 år, er det gjeve løyve for føretaket til å nytte inntil 25 mill. kroner til oppstart av rusposten og drift ut 2013. Helse Vest RHF vil løyve resterande midlar.

Styret har i møte 15. desember 2011 bede om å få seg førelagt plan for oppstart av rusposten, og budsjett for drifta.

Det er i gang eit todelt arbeid: Ein del er utarbeiding av eit notat til departementet med innspel til modellar for lokalsjukehusfunksjonar for ein ruspost. Den andre delen er sjølve etableringa av rusposten.

Etablering av rusposten er også ein del av utviklingsprosjektet i Nordfjord, og dette kan ha betydning for framdrift i ulike prosessar.

Vidare er det i gang eit omfattande omstillingsarbeid ved NSH, og overtallige frå denne omstillinga har føretrinsrett til ledige stillingar i føretaket.

Det blir her lagt fram ein plan for oppstart, og eit budsjett, som byggjer på tidlegare utarbeidd funksjonsplan for rusposten.

## Fakta

Med tilskot av statlege midlar for styrking av lokalsjukehusområda, vart oppstart av prosjektet vedkomande ruspost på Eid starta i 2006. Hausten 2009 vart det klart at Helse Førde ikkje hadde økonomi til å starte drifta av posten, og investeringar som føretaket ikkje var bunden til å gjennomføre, vart stansa.

Helse Førde HF har i samband med utviklingsprosjektet for Nordfjord fått tildelt 75 mill. over 3 år til å utvikle lokalsjukehusområdet. Oppstart av rusposten på Eid er ein del av utviklingsprosjektet, og det er i denne samanheng gitt løyve til å nytte 25 mill. til oppstart og drift av rusposten ut 2013. Helse Vest RHF løyver restmidlane til drift av posten. Som følgje av dette, er det sett ned ei arbeidsgruppe med eit todelt mandat:

- A. Oppstartprosjekt Ruseining ved Nordfjord sjukehus
- B. Modell for lokalsjukehus for rusmiddelavhengige

I møte i arbeidsgruppa den 28.11.2011 var det semje om at del B skulle arbeidast vidare med av ei eiga arbeidsgruppe. Denne framgangsmåten for del B i mandatet er forankra i styringsgruppa for utviklingsprosjektet.

Det blir jobba parallelt med dei to punkta i mandatet. Undergruppa som jobbar med pkt. B, hadde møter 27. desember 2011 og 6. januar 2012. Neste møte er 27. januar. Siste møte i arbeidsgruppa for oppstart av ruseininga, så langt, var 12. januar 2012. Det er rekna med at styringsgruppa for utviklingsprosjektet for Nordfjord vil kome med innspel til innhald – tradisjonell ruspost, eller annan modell med utgangspunkt i notatet til departementet.

## Kommentar

Det er lyst ut etter einingsleiar for rusposten, søknadsfrist er 23. januar. Utdanningsprogram er etablert og søknadsprosess for overtallige som vil satse på psykiatri/ rus er i gang.

Slik administrerende direktør ser det, vil eit driftsopplegg som inneheld element frå utgreiinga etter pkt. B i mandatet, ikkje påverke driftsbudsjettet. Personale som ikkje skal jobbe på sengepost, men ambulant, vil i stor grad ha same kostnad som tilsette i sengepost.

Det blir i denne omgang lagt fram plan for oppstart av rusposten på Eid, med budsjett, på bakgrunn av tidlegare vedtak og utgreiingar. Det blir og lagt til grunn at alle miljøterapeutar/miljøarbeidarar blir rekruttert frå overtallige etter omstillingar i Helse Førde.

### Oppsett som grunnlag for framdriftsplan

17 miljøterapeutar (3 årig høgskuleutdanning) og tre miljøarbeidarar (1 årig utdanning) er i løpande tilsettingsprosess fram til 15. mars - omstillingsprogrammet. Dei får lønn under gjennomføringa av naudsynt opplæring.

Leiar for ruseininga bør starte opp så snart som mogeleg etter tilsetjing. Overlege, psykologspesialist, LIS, sosionom, helsesportpedagog og ambulant team terapeut, skal tilsettast frå 1. september.

Dette gjev slik framdriftsplan for oppstart av posten:

Punkt:		Dato:	Ansvarleg
1	Søknadsfrist for einingsleiar	23.1.2012	Avdelingssjef NPS
2	Plan for oppstart av rusposten med budsjett godkjent av styret	27.1.2012	Direktør PHV
3	Overtaking av overtallige frå NSH	1.3.2012	Avdelingssjef NPS
4	Starte kurs for nye tilsette – 15 studiepoeng innan rusbehandling	15.3.2012	HSF
5	Einingsleiar og sekretærressurs startar i jobben	1.5.2012	Avdelingssjef NPS
6	Etter eksamen kan nye tilsette gå inn i drifta ved NPS fram til oppstart av rusposten. Samstundes skal sommarferien avviklast	15.6.2012	Avdelingssjef NPS
7	Anna personell startar i jobben	1.9.2012	Avdelingssjef NPS
8	Inntak av pasientar – driftsstart for rusposten.	1.9.2012	Avdelingssjef NPS

I budsjettet til rusposten er lønskostnader teke inn i høve framdriftsplanen over og på same grunnlag som lønskostnader er budsjettet i vedteke budsjett for føretaket. Dette omfattar også pensjonskostnader. I prosjektperioden er det også teke med felleskostnader. Dette er kostnader som særleg Stab/støtte har budsjett for, men som ikkje er teke med i vedteke budsjett for 2012. Dette gjelder kostnader til 0,8 reinhaldar og 0,5 legesekretær, kostnader til IKT, drift og vedlikehald av bygningsmasse. I tillegg er det teke med avskrivingskostnader som er ein del av finansområdet.

Det er i budsjettet sett av relativt høge kostnader til opplæring. Dette skuldast at overtallige frå NSH skal kursast av HSF før dei kan starte i jobben. Vidare er det eit ønskje at dei nye tilsette held fram med opplæring til totalt 60 studiepoeng i rusbehandling. Kurset frå Høgskulen i Sogn og Fjordane legg opp til at studentane kan bygge vidare på dei 15 studiepoeng dei har ved start i jobben på NPS/rusposten.

På bakgrunn av oppsettet over, er det utarbeidd slikt budsjett:

	2012	2013
<b>Personalkostnader</b>		
Løn inkl. arb.g.avg og pensjon	11 860 706	17 451 720
Ferievikarer / ekstrahjelp / overtid	200 000	1 291 544
Andre personalkostnader	140 000	336 000
Opplæring	673 333	500 000
Reise / leasing	83 333	250 000
<b>Pasientkostnader</b>		
Mat	187 333	562 000
Medisiner	50 000	150 000
Andre pasientkostnader	133 333	400 000
<b>Bygg / andre driftskostnader</b>		
Straum / renovasjon / drift bygg	341 667	820 000
IKT	75 000	180 000
Pasientreiser	20 000	60 000
Avskrivninger	135 833	326 000
	<b>13 900 539</b>	<b>22 327 264</b>

Personalkostnader	12 957 373	19 829 264
Pasientkostnader	370 667	1 112 000
Bygg / andre driftskostnader	572 500	1 386 000
Sum kostnader	<b>13 900 539</b>	<b>22 327 264</b>

Investering (rest) 1 000 000

Helse Vest RHF ga på slutten av 2011 løyve til å bruke inntil 1,6 mill. til investeringar, av eit totalt behov på 2,5 millionar kroner, til førebuing av oppstart av rusposten. Av desse vart om lag 1,5 mill. brukt. Det betyr at det enno står att investeringar for om lag 1 mill.

## Konklusjon

Framdrifta i omstillingsarbeidet er avgjerande for når personale kan være på plass. I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane er det lagt opp eit kurs på 15 studiepoeng innan rusomsorg. Dei som blir tilsett ved NPS vil forplikte seg til å ta denne utdanninga. Etter ferdig kurs vil det være naudsynt med praktisk arbeid i sengepost. Pasientinntak ved rusposten kan då tidlegast starte etter sommaren, slik planane ser ut no.